



Kvam herad

# Trafikktryggleiksrutinar

KVAM HERAD SOM VEGEIGAR



## Innhold

Endringshistorikk.....	3
Kvalitetssystem.....	3
Trafikksikkert herad.....	3
Trafikksikringsplan for Kvam herad 2020 - 2023.....	4
Organisering av trafikktryggleiksarbeidet .....	6
Administrativ trafikktryggleiksgruppe.....	6
Søknad om fylkeskommunale midler til fysiske TS-tiltak .....	7
Handtering av trafikktryggleiksinnspel frå andre etatar, organisasjonar og publikum.....	7
Politisk kontroll med trafikktryggleiksarbeidet .....	8
Rutine for snøbrøyting og vegetasjonsrydding .....	8
Vegetasjonsrydding .....	8
RUTINAR FOR VEGETASJONSRYDDING.....	9
Snøbrøyting .....	12
Retningslinjer for brøyting og vinterdrift .....	12
Trafikktryggleik ved anleggsverksemd .....	14

## Endringshistorikk

Første utgåve.

## Kvalitetssystem

Kvam herad nyttar Compilo som sitt kvalitetssystem. Denne rutinen med eventuelle vedlegg skal derfor leggjast inn i systemet. Eventuelle avvik frå rutinene skal tilsvarende rapporterast i Compilo sin avviksmodul.

Denne rutinen skal fortløpende reviderast i tråd med endringar i politiske vedtak, arbeidsmetodar, forsikringsvilkår med meir. Rutinen skal minimum gjennomgåast og reviderast ved rullering av trafikksikringsplan, endra rammeavtale for vintervedlikehald og endring i forsikringsvilkår. Uansett skal rutinen gjennomgåast og reviderast minimum kvart 2. år. Endringar frå tidlegare versjonar skal gå fram av endringshistorikken.

## Trafikksikkert herad

Kvam herad tek sikte på å verta godkjent som Trafikksikkert herad i løpet av 2020. Godkjenningsordninga vert organisert av Trygg Trafikk i samarbeid med fylkeskommunane, og har godkjenningskriterier knytt til kommunens leiing, barnehagar, skular, kulturavdeling, kommuneoverlege, helsestasjon, plan- og byggjesak og tekniske tenester. Når det gjeld kriteriene knytt til kommunen sine tekniske tenester, er desse nemnd under:

- ✓ Kommunen har utarbeida ei prioriteringsliste over fysiske trafikksikringstiltak på kommunal veg.
- ✓ Kommunen har utarbeida ei prioriteringsliste over trafikksikringstiltak på fylkes- og riksveg.
- ✓ Kommunen har rutinar for å søka fylkeskommunale midlar til fysiske trafikksikringstiltak.
- ✓ Kommunen har rutinar for rydding av snø og vegetasjon på skulevegar.
- ✓ Kommunen har rutinar for å kvalitetssikra trafikktryggleiken i samband med anleggsverksemnd i kommunen.
- ✓ Kommunen har utarbeida rutinar for handtering av innspel på trafikksikringstilak frå andre etatar, organisasjonar og publikum.

Denne rutinen skal saman med kommunen sin gjeldande trafikksikringsplan svara på dei nemnde kriteria for å verta godkjent som Trafikksikkert herad.

## Trafikksikringsplan for Kvam herad 2020 - 2023

Kvam herad sin trafikksikringsplan vart vedteken av Kvam heradsstyre den 18.2.2020 i sak HST-006/20. Trafikksikringsplanen inneheld prioriteringssiste for kommunale og fylkeskommunale vegar. Her er følgjande tiltak definerte som «topp-prioriterte» kortsiktige tiltak:

Kategori	Nr	Pri	Stad	spesifikasjon	Ansvar
Gang/ sykkel- veg			Lidarende-Odland fv 49	Komplettering av g/s veg Vikøy- Aksnes	Vestland
	1	S	Øystese-Laupsa fv 79	Komplettering av gang og sykkelveg på strekning. Skilting av smal veg. Skuleveg	Vestland
	2	S	Vikedal-Ålvik fv 79	Utarbeida reguleringsplan for den delen som manglar på strekninga	Vestland/ KHERAD
	3	S	Ålvik	Opparbeida gangveg på strekninga pensjonisten-Torget	KHERAD
Fart	7	S	Gjennomgang av fartstiltak i tettstader. Tiltak vert basert på trafikk-/fartsmåling fv 79, fv 49 og fv 576	Vikedal-Ålvik , Øystese-Laupsa, Vikøy, Norheimsund sentrum, Sandven v FUS, Oma sentrum, Mundheim sentrum. Deler av dette er skuleveg.	Vestland/KH
Kryssings -punkt/ gangfelt	11	S	X fv 49 DalheimTørvikbygd	Stor trafikk til ferja. Skuleveg. Fartsmåling som basis for evt tilleggstiltak	Vestland

	12	S	Kryssing fv79 v Esso Øystese mot Vavollen	Dårleg sikt over varamur for små born. Skuleveg	Vestland
Siktbet- ring	19	S	Heile kommunen	Hekk-kampanje «Klipp hekk og buskar»	KHERAD
	20	S	Årleg vegetasjonsreinsk	Kommunale vegar Fylkesvegar	KHERAD Vestland
Veg- utbetring	30	S	Kvam ungdomsskule- Nedre Vik	Skuleveg. Etablering av ny veg i samsvar med reguleringsplan eller ny sentrumsplan for Øystese	KHERAD
Hjarte- sone	36	S	Kvam ungdomsskule, Øystese	Skuleveg. Stor trafikk, uklare navigasjonsruter, nesten-ulukker. Strakstiltak må vurderast. Skule og FAU drøftar tiltak.	KHERAD KHERAD/FAU
	37	S	Øystese barneskule	Området rundt skulen har mykje trafikk. Interessekonflikt harde/mjuke trafikantar. Områdeplan vert påbegynt. Strakstiltak må vurderast. Skule og FAU drøftar tiltak.	KHERAD KHERAD/FAU
	38	S	Norheimsund skule	Stor trafikk. Farlege situasjonar ved konfliktar mellom mjuke/harde trafikantar. Reg-plan for nærområdet vert utarbeidd. Strakstiltak må vurderast. Skule og FAU drøftar tiltak.	KHERAD KHERAD KHERAD/FAU
Andre	39	S	Norheimsund, ved Kvam Auto mot Kaldestad kv 13	Sikring av veg mot bekk. Skuleveg	KHERAD
	40	S	Vetletveit Ålvik kv 1119	Sikring av bekk – akutt tiltak, Vetletveitvegen 12 og 15. Skuleveg	KHERAD

Ut over desse fysiske tiltaka har planen trafikantretta tiltak og følgjande organisatoriske tiltak:

Tema	Spesifikasjon	Ansvar
Trafikksikker kommune	Etablera tverrfagleg trafikktryggleiksgruppe.  Arbeida for godkjenning av Kvam som «Trafikksikker kommune» innan utgangen av 2020. <a href="http://www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/">www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/</a>	Rådmann
Tverrfagleg koordinering	Årlig koordineringsmøte om fysiske trafikksikringstiltak (Kvam herad, Statens vegvesen*, politi)	Teknisk sjef
	Årlig samordning av trafikantretta tiltak (Kvam herad, Trygg Trafikk, politi og andre).	Folkehelse-koordinator
Farleg skuleveg	Tverrfagleg nemnd oppdaterer årleg liste over særleg farleg og vanskeleg skuleveg. Nemnda har representantar frå Kvam herad, politi og Statens vegvesen.	Nemnd vert innkalla av Leiar for oppvekst
Informasjon	Skadestatistikk, analysar, artiklar, prosjekt vert lagt ut på sosiale media	Einingsleiarar, informasjonsrådgjevar

Tiltak i rad 1 og 2 i denne tabellen kjem inn under kriteria for å verta godkjent som trafikksikkert herad, og vil derfor verta omtalt nærmere i rutinen.

## Organisering av trafikktryggleiksarbeidet

### Administrativ trafikktryggleiksgruppe

Det skal vera ei administrativ tverrfagleg trafikktryggleiksgruppe satt saman av:

Sjef for teknisk og informasjon (leiar)

Oppvekstsjef/barnas representant

Sjef for plan og byggjesak

Kommuneoverlege

Leiar for kommunalteknikk VAV

Driftsleiar veg

Ansvarleg for utarbeiding av skiltplanar i kommunen

Gruppa skal ha faste månadlege møter, og vert kalla inn av Sjef for teknisk og informasjon.

Gruppa har ansvar for:

#### Søknad om fylkeskommunale midler til fysiske TS-tiltak

Den tverrfaglege trafikktryggleiksgruppa har ansvar for å halde oversikt over fylkeskommunale stønadsordningar, og eventuelt utarbeide søknadar der dette er aktuelt. Gjennomgang av moglege stønadsordningar skal vera del av den faste agendaen for månadsmøtet.

Handtering av trafikktryggleksinnspel frå andre etatar, organisasjonar og publikum

1. Den tverrfaglege trafikktryggleiksgruppa har ansvar for å handtera trafikktryggleksinnspel som kjem inn til kommunen utanom rullering av trafikksikringsplanen.
2. Innspel som gjeld trafikksikring (t.d. spørsmål om skilt, fartsdumpar, veglys mm) skal registrerast inn i sak 19/70 «Trafikksikringsplan 2020-2023». Leiar for kommunalteknikk VAV skal vera ansvarleg for saka. Dersom innspel kjem munnleg, skal den som kjem med innspelalet oppmodast om å senda dette inn skriftleg.
3. Ansvarleg for saka held oversikt over innkomne innspel og avklarar om desse er prioritert/omtalt/vurdert i gjeldande trafikksikringsplan.
4. Under dei månadlege møta i trafikktryggleiksgruppa, skal tiltak i plan og innkomne innspel vurderast, prioriterast og eventuelt vedtas. Vidare skal ansvar for å gi tilbakemelding på innspel fordelast imøtet.
5. Prioritering av tiltak skal skje med bakgrunn i tilgjengelege økonomiske rammer, prioritet i trafikksikringsplan, ulukkeshendingar/statistikks i området og venta kost nytte av tiltaket. Vidare er det særleg følgjande tiltak som skal prioriterast;
  - a. Fysiske tiltak
    - i. trygg skuleveg inkl. nærområde ved skule og barnehage (gang og sykkelveg, veglys, transport)
    - ii. kryssings- og punktutbetringar
    - iii. samanhengjande gang og sykkelveg mellom Laupsa-Lid-Aksnes og mellom Vikedal og Ålvik
    - iv. siktutbetring langs veg og fartsreduserande tiltak
  - b. Veglys
    - i. Skuleveg (oppholdsstad/venteplassar/buss-skur/leskur/kryss) vert prioritert før vegstrekk
    - ii. Innspel frå offentlege styresmakter og grendalag vert prioritert før enkeltpersonar
    - iii. Punkt som er lista i ts-plan vert prioritert

- iv. Trafikkforhold (mengde, fartsgrense, fordeling mellom mjuke og harde trafikkantar, kjende uhell frå tidlegare)
  - v. Kostnad knytt til å etablera nytt/nye lyspunkt i høve til eksisterande nett i området
6. Alle nye innspel i ts-planperioden som ikkje vert gjennomført, vert vurdert på nytt saman med innkomne innspel i samband med rullering av trafikksikringsplanen. Rullering av ts-planen vert gjort kvart fjerde år eller når dette er vedteke i kommunen sin planstrategi.
  7. Seinast innan 1. august kvart år skal gruppa gå gjennom innkomne innspel og tiltak i trafikksikringsplanen for å vurdera aktuelle større tiltak påfølgjande år. Gruppa har deretter ansvar for å melda desse tiltaka inn til den administrative budsjettprosessen.
  8. Kommunestyret løyver gjennom si årlege budsjettbehandling midlar til gjennomføring av ts-tiltak.
  9. Trafikksikringsplanen skal gjennomgåast årleg i lag med bl.a. politi og Statens Vegvesen/Vestland fylke

## Politisk kontroll med trafikktryggleiksarbeidet

Kvam Miljø, plan og bygningsutval har ansvaret for politisk oppfølging av trafikktryggleiksarbeidet.

## Rutine for snøbrøyting og vegetasjonsrydding

Føremålet med rutinen er å sikra god ivaretaking av tenestene snøbrøyting og rydding av vegetasjon slik at trafikksikkerheten blir best mulig.

### Vegetasjonsrydding

God sikt er ein føresetnad for at du skal få auge på gåande og syklande som kryssar din avkjørsel. Ein temaanalyse av sykkellulukker viste at dårlig sikt var ein medverkande faktor i over 30 % av dødsulukkene på sykkel.

## RUTINAR FOR VEGETASJONSRYDDING

### Kantslått og krattrydding

Vegetasjon på grasareal mellom bilveg og gang- og sykkelveg skal ikke vera høgare enn 50cm.

I føreskrivne siktrekantar og i siktsonar i innkurvar skal gras- og kratthøgde ikke vera høgare enn 50cm over vegbanen.

Vegetasjonen skal ikke hindra sikten til skilt eller vegmerking. Den skal heller ikke vera til hinder for trafikantane eller ved gjennomkjøring av vegvedlikeholdet.

Der vegetasjonen er venta å bli over 75cm, skal det klippast 1 gong pr. år i minst 2m breidde.

#### Kommentar:

Der det er mogleg bør det utførast kantrydding utanfor eigedomsgrensa. Behovet er størst der greiner frå store tre heng inn i siktsonar, og der det er tett botnvegetasjon i siktområde i knytt til vilttrekk.


Nabolova gir kommunen rett til å fjerna vegetasjon som veks inn på offentleg vegområde, men grunneigar må først varslast og få høve til å gjera arbeidet sjølv. Varsel skal gjerast skriftleg med minimum 14 dagars frist.

Reglane for frisiktsoner seier kor mange meters lengde fra vegkryss og liknande du må klippe hekk og busker ned til 50 cm høgde. Hekken kan flyttast inn på tomta slik at den er plassert utanfor frisiktsona. Sjå eksempel på frisiktsoner, merka med raud stipla strek på teikningane.

Krav til frisiktsoner er gitt i veglova. De varierar med vegtype, trafikkmengde og fartsgrense.

**Alternativ 1:**

Høydegrense  
0,5 meter

**Alternativ 2:**

Flytting av  
gjerde/hekk

**Dersom avkjørselen din kryssar gang- og sykkelveg,** må høgde på hekk og gjerde ikke overstiga 0,5 meter over gateplan i frisiktsonen.

**Klipp enten hekken din** slik at den vert halden under 0,5 meter (*alternativ 1*) eller flytt gjerde og/eller hekk utanfor frisiktsonen, merka med rosa farge (*alternativ 2*).


**Det må vera 3 meter fri sikt inn i avkjørselen.** Det betyr at når du står 3 meter inn i avkjørselen din, skal du kunne sjå midten på gang- og sykkelvegen 30 meter til kvar side.

**Merk at frisiktsonen bør utvidast** utover 30 meter dersom gang- og sykkelvegen hellar og syklistene held høg fart.

**Dersom avkjørselen din munnar ut i veg'en,** må høgde på hekk og gjerde ikkje overstiga 0,5 meter over gateplan.

Hekk og gjerde kan også flyttast utafor frisiktsonen, merka med raud stipla strek.


Det må vera 4 meter fri sikt inn i avkjørselen. Det betyr at når du står 4 meter inn i avkjørselen din, skal du kunna sjå vegen 45 meter til kvar side dersom fartsgrensa er 50 km/t, og vidare auka avstandane med farten slik figuren illustrerer.



**Dersom du har tre ut mot veg, fortau eller gang- og sykkelveg** må ikkje greiner hengja lågare enn 5 meter over vegbanen.

Over fortau og gang- og sykkelveg må ikkje greiner hengja lågare enn 3 meter.

Eigaren av trea er også ansvarleg for fjerning av greiner som fell ned.



## **Snøbrøyting**

Henvendelsar om vintervedlikeholdet, herunder forhold som er relatert til trafikksikkerhet, er regulert av ordninga som er skilda på kommunen si heimeside:

### Retningslinjer for brøyting og vinterdrift

#### *Bakgrunn:*

Som eit ledd i Kvam herad sitt arbeid med trafikksikring er det utarbeidd retningslinjer for brøyting, strøing og annan vinterdrift av kommunale vegar og areal.

Retningslinjene gjeld for alle som utfører vinterdrift for Kvam herad, både tilsette i heradet, og personell som er innleigd på timebasis og på kontrakt.

Oppgåver som går inn under vinterdrift er som følgjer:

- Brøyting
- Rydding av snø og is
- Snøfresing
- Snø og ishøvling
- Strøing med sand og eventuelt salt
- Manuell snørydding

Alt personell som utfører vinterdrift skal setja seg inn i retningslinjene, og fylgja dei.

#### *Beredskap:*

Kvam herad har ein standard for vinterdrift der det er definert kva føreforhold som er godteke, og kva som utløyer tiltak. Den definerer også kva tidsrom som gjeld for iverksetjing av tiltak.

Standarden er vedteken av kommunestyret, og kan endra seg dersom nye moment gjer dette nødvendig. Standard for vinterdrift er å finna på Kvam herad sine heimesider

<https://www.kvam.no/tenester/tekniske-tenester/kommunale-vegar-og-kaiar/broyting-strøing/>

Personell som utfører vinterdrift plikter å ha beredskap slik at det hurtig kan setjast i verk tiltak når dette er nødvendig for å halde vegnettet innanfor standarden. Det kan også oppstå situasjonar der tiltak er nødvendige sjølv om føret teoretisk er innanfor standarden. Det vil då vera særskilt utkalla til slike hendingar.

Beredskap for vinterdrift går frå 1. november til 30. april kvart år.

#### *HMS og trafikksikkerheit:*

For vinterdrift kan følgjande forhold vera spesielt risikofylte:

- Arbeid på veg der ein er eksponert mot annan trafikk
- Arbeid på bruer og kaier
- Manuell trafikkdirigering
- Arbeid i områder som er trafikkert av gåande og syklande
- Kantar og kumlokk som medfører fare for hekting
- Påmontert utstyr som kan hindre sikt frå arbeidsmaskin.

#### *Sikkerheitsvurdering:*

Byggherre (Kvam herad) har ansvar for å gjennomføra risikovurderinger av forholda rundt utførselen av vinterarbeidet (SHA).

SHA planen (Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø) skal innehalde alle risikomomenta som byggherre kjem fram til.

Arbeidet skal fylgja norsk standard:

- NS 5815 Risikovurdering av anleggsarbeid
- NS 5814 Krav til risikovurderinger.

Entreprenøren skal risikovurdere dei punkta han spesifikt skal utføra i utførselen av vinterarbeidet (eksempel: snørydding i vegkryss).

Dette skal gjerast gjennom ein SJA (sikker jobbanalyse). Denne skal opprettast og gjennomgåast med jevne mellomrom saman med alle som utfører arbeid. Dette for å avdekka om nye moment har oppstått, og ta bort moment som ikkje lenger er relevante. Den skal signerast, og oppbevarast i arkiv.

Entreprenøren sin risikovurdering skal innehalde alle risikomoment som entreprenøren kjem fram til.

#### *Varslingsplan:*

Kvam herad skal ha ein oppdatert varslingsplan tilgjengeleg for alle som utøver arbeid på vegane. Varslingsplanen skal innehalde namn på kven som skal kontaktast dersom uhell eller uforutsette hendingar oppstår, samt kontaktinformasjon til vedkommande.

Varslingsplanen skal også beskrive kva som skal gjerast dersom det har hendt ei ulukke.

#### *Uønska hendingar:*

For å førebyggje ulukker er det viktig at uønska hendingar vert rapportert inn.

Alle uønska hendingar skal rapporterast snarast, og utan unødig opphold til nærmeste overordna. For entreprenørar som utfører arbeid for Kvam herad skal uønska hendingar rapporterast til driftsleiar veg og anlegg.

Alle uønska hendingar som vert rapporterte inn til Kvam herad skal behandlast som eit avvik. Avvik skal gjennomgåast, og det skal iverksetjast tiltak som reduserer risikoen for nye avvik før avvik lukkast og arkiverast.

#### *Utstyr:*

Alt utstyr som vert nytta til vinterdrift skal vera CE godkjent, og i god stand.

Maskiner som er underlagde årleg kontroll, skal ha dette på plass før vintersesongen startar.

For utstyr og maskiner skal det føreliggja samsvarserklæring som dokumenterer at utstyr som plogar, skjær, spreiarar osb. er tilpassa køyretøyet det er montert på.  
Samsvarserklæringa skal fylgja utstyret.

Alle maskiner skal vera skodd etter føret det vert brukt på. Som eit minimum skal det nyttast pigga vinterdekk. Under særskilt krevjande forhold skal det nyttast kjetting.

#### *Opplæring:*

Entreprenøren skal ha på plass prosedyrar som sikrar at all bruk av maskiner og utstyr vert utført av personell som har fått nødvendig opplæring. Opplæringa skal vera gjennomført på eit språk som vedkommande forstår.

Opplæringa skal vera dokumentert. Dokumentasjon kan vera ei enkel, signert stadfesting på at opplæring er gitt, kva opplæringa omfattar, og dato for opplæringa.

#### *Bli kjend på roden:*

Alle operatørar skal gjera seg kjende i det området dei skal utføra vinterarbeid. Dette skal gjerast før det kjem snø, slik at ein får god oversikt over utsette punkt som kan medføra huking eller skader.

Dersom det vert avdekka problempunkt skal dette meldast inn til driftsleiar FDV anlegg.

Dersom det er mogeleg skal problempunktet utbetrastrast før vintersesongen tek til. Det er likevel operatøren sitt ansvar å unngå skader på utstyr eller materiell under utførelse av vinterdrift.

Under synfaring skal det også avklarast kvar ein kan, og ikkje kan deponera snø.

#### *Mobiltelefon:*

Mobiltelefon skal berre nyttast på forskriftsmessig måte. Det skal nyttast handsfree til taleanrop også på lukka område. Det er forbode å tasta på telefon eller nettbrett under køyring.

#### *Arbeidstid:*

Entreprenørar som utfører arbeid for Kvam herad må ha tilgjengeleg utkvilt personell slik at det kan rullerast på arbeidstid ved tunge snøfall. Sjølv om vinterdrift er friteke for køyre og kviletid på tunge køyretøy, bør ein unngå at personell er på arbeid i for lange økter.

Operatørar skal ikkje arbeida ut over 13 timer i løpet av 24 timer.

Trøytte og ukonsentrerte førarar er ein vesentleg sikkerheitsrisiko.

## Trafikktryggleik ved anleggsverksemd

Føremålet med rutinen er å sikra best mogeleg trafikktryggleik knytt til anleggsverksemd på kommunen sine vegar. Dette skal skje gjennom samhandling mellom utførande og kommunen som mynde og veigar.

Ved større arbeid skal det utarbeidast SHA-plan for arbeid langs veg

Utførande entreprenør skal ha sin egen SHA plan.

Når det gjeld arbeidsvarsling gjeld denne for arbeid på eller ved kommunal veg.  
Rutinen vert gjennomført i to trinn:

1. Ansvarleg for arbeidet fyller ut arbeidsvarslingsskjema som skal sendast inn til kommunen for sakshandsaming
2. Arbeidsvarslinga vert handsama av dedikert sakshandsamar som gir tilbakemelding til ansvarleg. Varsling pr. epost til andre eksterne skjer av sakshandsamar med mindre noko anna vert avtala. Sakshandsamar vurderer behov for annonsering.

Skjema for arbeidsvarsling finns her:

Retningslinjer for graving i kommunal veg vart vedteke 30.9.2014 (websak 14/846)

Skjema for bruk finnast her:

[Skjema på teknisk veg](#)